

Møre og Romsdal fylkeskommune

Haram vidaregåande skule

Årsmelding skoleåret 2025-26

Innhaldsliste

1. Rektor har ordet 2

2. Nøkkelopplysningar om skolen 3

2.1 Organisasjonen 3

2.2 Utdanningsprogram og elevtal 4

2.3 Føresetnader – grunnskolepoeng vg1 5

3. Læringsmiljø 6

3.1 Skolen sine kommentarar og analyse av resultat frå Elevundersøkinga 6

3.2 Skolen sine kommentarar og analyse av læringsmiljøet 7

3.3 Skolen sine kommentarar og analyse av vurderingspraksis, elevdemokrati og medverknad 7

4. Skoleårsresultat 9

4.1 Fullført og bestått - skoleårsgjennomføring 9

4.2 Karaktersnitt 11

4.3 Fråvær 12

4.4 Elevar som har slutta 12

4.5 Overgangar 14

5. Leiing og profesjonsutvikling 15

1. Rektor har ordet

Skuleåret 2025-2026 hadde Haram vidaregåande skule 233 elevar og 42 tilsette inkludert BYE og IT. Haram vidaregåande skule har brukt dette skuleåret tilpasse seg endringane i skulebruksplanen og administrasjonen. Haram vidaregåande skule tilbyr ikkje Vg3 Påbygg til generell studiekompetanse og Vg2 Barne- og ungdomsarbeidarfaget meir, i tillegg blei ikkje Vg2 Helsefagarbeidar starta opp som følgje av låg søking. Administrasjonen vart også redusert med 70 % stilling som følgje av desse endringane. Haram vidaregåande skule markerte dette året 50 års jubileet til skulen, noko som blei opplevd positivt for både elevar og tilsette


Haram vidaregåande skule hadde skuleåret 2025-2026 99 elevar innanfor studiespesialiserande (ST) og 134 elevar på yrkesfag (YF). YSK elevane blir talde inn på yrkesfag dei to første åra og studiespesialiserande dei to siste åra. Kombinasjonen mellom YF og ST er viktig for skulen, og den er viktig for skulen sitt mangfald både hos elevar og lærarar. Satsinga på internasjonalisering er også viktig for å tiltrekke seg elevar til skulen og for å gi elevane erfaringar som dei kan ta med seg vidare i livet.

I årsmeldinga til Haram vidaregåande skule vil ein bli kjent med statistikken til skulen for skuleåret 2025-2026, og i dette avsnittet vil eg kommentere ein del av denne statistikken. Det første eg vil kommentere er at elevane som tar Vg2 ST utland ikkje er med i statistikken, skulen hadde 8 elevar i Skottland dette året. Det andre ein kan trekkje fram er at skulen hadde ekstra klasse både på Vg1 Elektrofag og Vg1 Teknologi og industrifag, noko som sikra drift og arbeidsplassar. Det siste eg vil trekke fram er at pengane skulen har fått gjennom Samfunnskontrakta «betre gjennomføring» har ført til at det har vore enklare å tilpasse opplæringa til enkelt elevar med ulike utfordringar.

2. Nøkkelopplysningar om skolen

2.1 Organisasjonen

Tal på årsverk pedagogisk tilsette	30
Tal på årsverk i leiarstillingar	4
Tal på årsverk andre tilsette	3



Haram vidaregåande skule var igjennom eit skuleår med mange endringar. Skuleåret 2024-2025 hadde skulen 48 tilsette mot 42 tilsette i 2025 - 2026, og i tillegg til denne reduksjonen hadde lærarar tilsett på Haram vidaregåande skule arbeidsoppgåver hos nettskulen og vaksenopplæringa. Det var krevjande for skulen å skaffe lærarar til ekstraklassene innanfor yrkesfag. Kjønnsfordelinga blant dei tilsette var 24 kvinner og 13 menn.

2.2 Utdanningsprogram og elevtal

Utdanningsprogram	Vg1	Vg2	Vg3	Total
Elektrofag	30	20		50
Helse- og oppvekstfag	17			17
Påbygg (Vg3 og Vg4 YSK)			23	23
Studieførebuande	16	25 (8)	27	68 (76)
Teknologi- og industrifag	44	23		67
Total	107	68 (74)	50	225 (233)

Tal på elevar med vedtak om særskilt språkopplæring	9

Haram vidaregåande skule hadde ei normal oppfylling av dei fleste utdanningsprogramma skuleåret 2025-2026, forutan på Vg1 studieførebuande der det var berre 16 elevar. Haram vidaregåande skule hentar mesteparten, 65 % - 70 %, av elevmassen frå det naturlege geografiske nedslagsfeltet. 2009 kullet (Vg1 elevane) i Haram kommune var eit yrkesfag kull der om lag 90 % av elevane søkte yrkesfag, noko som viser igjen i skulen sin statestikk.

Innanfor Vg1 og Vg2 Elektrofag og Teknologi- og industrifag finn ein også Vg1 og Vg2 elevane som går YSK. YSK-elevane på Vg3 og Vg4 nivå ligg under påbygg. Innanfor Vg2 ST har Haram vidaregåande skule ansvaret for ei klasse som tar skuleåret i Skottland, desse er ikkje med i statestikken. Har lagt inn dei elevane i parentes.

Skulen opplever at søkinga til dei ulike utdanningsprogramma er varierande frå skuleår til skuleår. Innanfor dei yrkesfaglege utdanningsområda skulen har berre ei Vg1 klasse, er det spesielt utfordrande å fylle opp Vg2 tilboda skulen tilbyr.

2.3 Føresetnader – grunnskolepoeng vg1

2.3.1 Fordeling grunnskolepoengintervall vg1, prosent

Poengsum	Haram vgs 2024-25	Haram vgs 2025-26	Fylket 2025-26
0 eller ingen	3,5%	9,3%	11,4%
0 - 25	2,3%	2,8%	2,7%
25 - 30	17,4%	8,4%	4,7%
30 - 35	12,8%	19,6%	11,1%
35 - 40	14,0%	15,0%	16,8%
40 - 45	17,4%	17,8%	22,3%
45 - 50	12,8%	15,9%	17,9%
Over 50	19,8%	11,2%	13,0%


2.3.2 Grunnskolepoeng vg1 – utvikling over tid

	2021-22	2022-23	2023-24	2024-25	2025-26
Haram vgs	42,0	40,9	39,2	39,7	39,4
Fylket	42,2	42,5	41,3	41,1	41,3

2.3.3 Skolen sine kommentarar og analyse

Haram vidaregåande skule ser at det er ein nedgang i grunnskulepoeng frå 2024 -2025 til 2025 – 2026, og det kjem nok mest truleg av to ekstraklassar. Skulen registrerer også at det er stor skilnad mellom dei ulike utdanningsprogramma på kor mange grunnskulepoeng elevane må ha for å komme inn. Her kan ein trekke fram YSK, der det er mange søkarar på få plassar noko som fører til at ein må ha høg karakterpoengsum for å komme inn. Så ser vi også at vidaregåande opplæring er ein ny start for mange elevar, vertfall for dei elevane som vel yrkesfag, og det kan sjå ut som at grunnskulepoeng ikkje er like avgjerande for utbytte av undervisninga som på studieførebuande.

3. Læringsmiljø



3.1 Skolen sine kommentarar og analyse av resultat frå Elevundersøkinga

Søylediagrammet ovanfor viser den samla skåren for læringsindikatorane for Haram vidaregåande skule sine Vg1 elevar. Norge og Møre og Romsdal har ein samla skår på 43,1, medan Haram vidaregåande skule har ein samla skår på 42,8. Haram vidaregåande skule ligg også litt under snittet i til både Norge og fylkeskommunen på Vg2 og Vg3 også. Sjølv om avviket er lite, så ønskjer skulen å oppnå ein betre skår.

Haram vidaregåande skule arbeider kontinuerleg med dei ulike indikatorane i læringsmiljøet, og ein ser ulik skår frå år til år. Det som er mest gledeleg for Haram vidaregåande skule i 2025 – 2026 er at det er færre elevar som har svart at dei opplever mobbing. Enkelte elevar har likevel svart at dei opplever mobbing, men sjølv om skulen undersøker det, klarer dei ikkje å identifisere desse elevane og tilby dei støtte . Det har ført til at skulen arbeider meir med førebygging no enn tidlegare, men ein har også fokus på gjere elevane meir robuste. Alle ønskjer at elevane skal ha eit godt og trygt skulemiljø.

Også dette skuleåret er det dei same indikatorane Haram vidaregåande skule kjem godt og mindre godt ut av. Støtte frå lærar og læringskultur skårar godt, medan elevdemokrati og elevmerknad ikkje gjer det like bra.

Med utgangspunkt i resultatet av elevundersøkinga, og andre tilbakemeldingar så leigde Haram vidaregåande skule inn «Bror mental Helse», og det fekk gode tilbakemeldingar hos både elevar og tilsette.

3.2 Skolen sine kommentarar og analyse av læringsmiljøet

	Tal
Tal på aktivitetsplanar etter § 12-4 i opplæringslova	1
Tal på aktivitetsplanar etter § 12-5 i opplæringslova	0
Tal på enkeltvedtak etter § 12-7 i opplæringslova	0

Skulen har skuleåret 2025–2026 utarbeidd ein aktivitetsplan i samsvar med § 12-4 i opplæringslova. Det har vore ei aukande utfordring knytt til elevane sin rett til eit trygt og godt skulemiljø. Mange av desse sakene har sitt opphav i forhold utanfor skuletida, noko som ofte krev omfattande undersøkingar og oppfølging frå skulen si side. Haram vidaregåande skule har stor forståing for elevane sine opplevingar, men det kan vere krevjande å finne tiltak som opplevast som gode og treffande. Dei fleste sakene blir løyste gjennom dialog mellom elevane og kontaktlærar, og elevane ønskjer då ikkje å gå vidare med saka. Skulen opplever skuleeigar som ein viktig og kompetent samarbeidspartnar i arbeidet med saker som gjeld elevane sitt skulemiljø.

For å styrkje læringsmiljøet har skulen innført fem tverrfaglege dagar, i tillegg til 3 oppstartsdagar, med utgangspunkt i kjerneelementa i læreplanverket. På desse dagane har elevane arbeidd med tema som psykisk helse, kosthald, fysisk aktivitet og privatøkonomi. I tillegg har skulen lagt vekt på medborgarskap og utvikling av forståing, respekt og omtanke for andre menneske.

3.3 Skolen sine kommentarar og analyse av vurderingspraksis, elevdemokrati og medverknad

	Tal
Møter i Elevråd (inkl. møter i elevrådsstyret)	8
Møter i skoleutval	3
Møter i skolemiljøutval (om skolen framleis har skolemiljøutval)	

Haram vidaregåande skule har gjennomført 3 møter i Skuleutvalet dette skuleåret. I tillegg til 3 elevar består dette utvalet av 2 samfunnskontaktar, 1 representant frå dei tilsette, 2 foreldrekontakter og rektor. Det har vore stort engasjement i skuleutvalet skuleåret 2025-2026, skuleutvalet var ein viktig bidragsytar i markeringa av 50 års jubileet til Haram vidaregåande skule .

Haram vidaregåande skulen har ein elevrådskontakt i leiinga som har dialog med elevrådet. Elevrådskontakta hjelper elevrådet med organiseringa og utgreiing av saker. På enkelte elevrådsmøter er rektor til stades. Elevrådet dette skuleåret arbeide hardt og målretta, og fekk uttalt seg om mykje. I tillegg deltok både elevrådsleiar og nestleiar på konferansar både lokalt og nasjonalt

Haram kommune og Haram vidaregåande skule har hatt eit godt samarbeid om avgangsmarkeringa skuleåret 2025 – 2026. Kommunen sin SLT kontakt har hatt mykje av dialogen med elevane, så har rektor vore med på ein del felles møter. Avgangselevane seier at det har vore bra både for skulemiljøet og at dei har opplevd både medverknad og elevdemokrati. Men skulen såg lite til avgangselevane under avgangsmarkering, dei var lite på skulen.

4. Skoleårsresultat

4.1 Fullført og bestått - skoleårsgjennomføring

4.1.1 Fullført og bestått, prosent

Fullført og bestått skoleåret 2025-26, prosent	91,1%

4.1.2 Fullført og bestått fordelt på trinn og utdanningsprogram, prosent

Utdanningsprogram:	Vg1	Vg2	Vg3	Total
Elektro og datateknologi	83,3%	100%		90,0%
Helse- og oppvekstfag	82,4%			82,4%
Påbygg			95,7%	95,7%
Studiespesialisering	100%	84,0%	92,6%	91,2%
Teknologi- og industrifag	90,9%	95,7%		92,5%
Total	88,8%	92,6%	94,0%	91,1%

4.1.3 Fullført og bestått siste fem år, prosent

	2021-22	2022-23	2023-24	2024-25	2025-26
Haram vgs	88,7%	87,8%	91,3%	91,1%	91,1%
Fylket	91,5%	90,9%	90,7%	89,7%	88,0%

4.1.4 Skolen sine kommentarar og analyse

Haram vidaregåande skule har ei målsetting om meir enn 90 % gjennomføring, for dette skuleåret hadde skulen ei gjennomføring på 91,1 %. Dei 8 elevane som gjekk Vg2 ST i utlandet er ikkje rekna med, og alle dei gjennomførte, så derfor er truleg gjennomføringa til skulen litt høgare enn 91,1%.

Haram vidaregåande skule vil kommentere ein del punkt som påverkar vår gjennomføring. Det første punktet som skulen vil kommentere er meiropplæringa som blei gjennomført i 1. termin, denne opplæringa førte til at nesten alle som deltok klarte å gjennomføre NUS-eksamen, noko som betrar gjennomføring. Det andre punktet skulen vil kommentere er gjennomføringa for Vg1 Teknologi- og industrifag, at den var 90,9 % når ein både har ekstra klasse og fleire elevar som ikkje har gjennomført norsk grunnskule er ein fornøgd med. Suksesskriteriet som utdanningsprogrammet trekk fram er at mange av desse elevane kunne engelsk og det er eit godt utgangspunkt både for å lære norsk og fagspråk. Punkt 3 som har auka gjennomføringa, og det er at skulen har fått midlar gjennom Samfunnskontrakta. Elevar innanfor yrkesfag har fått ei tettare oppfølging i utplasseringsperiodar og på skulen. Nokre elevar var til dømes utplassert i feriar for å komme under fråværsgrensa eller for å få meir trening i å snakke og forstå norsk.

4.2 Karaktersnitt

4.2.1 Karaktersnitt fordelt på utdanningsprogram

Utdanningsprogram	Karaktersnitt
Elektro og datateknologi	4,47
Helse- og oppvekstfag	4,03
Påbygg	4,21
Studiespesialisering	3,90
Teknologi- og industrifag	4,05

4.2.2 Karaktersnitt siste fem år

	2021-22	2022-23	2023-24	2024-25	2025-26
Haram vgs	4,10	4,04	4,00	4,05	4,11
Fylket	4,24	4,21	4,21	4,19	4,21

4.2.3 Skolen sine kommentarar og analyse

Dei siste åra har Haram vidaregåande skule hatt eit litt lågare karaktersnitt enn fylket, men ein har også lågare karakterpoengsum inn til skulen enn fylkessnittet. Sluttvurdering har vore diskutert i kollegiet, og det er ganske stor semje i kollegiet om at karaktersetjinga ikkje er for streng. Avviket mellom standpunkt og eksamenskarakter var skuleåret 2025 – 2026 på – 0,36 karakterpoeng. Dei siste åra har avviket vore mellom -0,5 karakterpoeng til -0,35 karakterpoeng. Det er forskjell mellom standpunktvurdering og eksamensvurdering, men skulen meiner likevel at det er positivt at avviket ikkje er for stort. Det ein ser er at enkelte eksamensparti kan avviket vere større, men det er vanskeleg å finne eit mønster i avvika.

Forskjellen i snittkarakter mellom utdanningsprogram meiner skulen må sjåast i årsakssamanheng med inntakspoeng til dei ulike utdanningsprogramma.

4.3 Fråvær

4.3.1 Fråvær, gjennomsnittleg dagar og timar. Totalfråvær i prosent per trinn

	Fråvær, dagar	Fråvær, timar	Totalfråvær, prosent
Totalt	6,3	21,9	5,7%
Vg1	8,4	26,5	7,2%
Vg2	5,1	18,5	4,7%
Vg3	3,5	17,2	4,0%

4.3.2 Totalfråvær siste fem år, prosent

	2021-22	2022-23	2023-24	2024-25	2025-26
Haram vgs	2,0%	6,0%	6,0%	6,6%	5,7%
Fylket	2,7%	6,5%	6,9%	7,7%	6,3%

4.3.3 Skolen sine kommentarar og analyse

Fråværet før Korona var på om lag 4 %, og målsetjinga for skulen er å nærme seg den prosenten igjen. Skuleåret 2025–2026 har skulen er fråværsprosent på 5,7 %, noko som er ein nedgang frå året før. Fråværet er lågast på Vg3 nivå og høgast på Vg1 nivå. At fråværet på Vg1 nivå er høgare enn på Vg3 nivå er ikkje som tidlegare år, fråværet brukar og vere høgast for dei elevane som er over 18 år. Haram vidaregåande skule håper at fokuset skulen har på oppmøte skal visast igjen i statestikken også dei neste år. Oppmøte er viktig for kontinuiteten i opplæringa, men oppmøte er også viktig for framtidig arbeid og studie. Derfor vel Haram vidaregåande skule å ha oppmøte som fokusområde. Fråvær er eit omgrep som er litt negativt ladda, medan oppmøte er meir positivt. Så derfor fokuserer skulen på oppmøtet og ikkje fråværet.

4.4 Elevar som har slutta

4.4.1 Elevar som slutta skoleåret 2025-26

Prosent	Tal
2,2%	5

4.4.2 Elevar som har slutta siste fem år, prosent

	2021-22	2022-23	2023-24	2024-25	2025-26
Haram vgs	4,5%	4,3%	1,6%	1,6%	2,2%
Fylket	3,1%	3,1%	3,1%	3,0%	3,1%

Skuleåret 2025 - 2026 var det 5 elevar som slutta på skulen, noko som er ein meir enn året før, men likevel eit godt resultat. Den viktigaste grunnen til dette er tiltaka som vart sett i gang for elevar på yrkesfag som har ulike utfordringar. Midlane som har vorte tilført skule har ført til at samarbeidet mellom skulen og ulike organisasjonar, bedrifter, institusjonar og etatar har nok vore avgjerande for at enkelte elevar ikkje har slutta. Bruken av andre læringsarenaer enn skulen er i enkelte tilfelle positiv for at elevar ikkje skal slutte. Men Haram vidaregåande skule ser også at utplassering kan vere utfordrande for sårbare elevar.

4.5 Overgangar

Haram vidaregåande skule har fleire møtepunkt med ungdomsskulane i kommunen og i nærliggande kommunar. Haram kommune har eit rådgjevarnettverk vi får delta i, og gjennom det samarbeidet får skulen god informasjon som kan vere til hjelp for å legge til rette for gode overgangar mellom grunnskulen og vidaregåande opplæring for elevar som treng det. Skulen har deltatt på karrieredagen i Sparebanken Møre arena, gjennomført utdanningsval, arrangert open dag og lærarar og elevar på Haram vidaregåande skule har deltatt på arrangement i regi av ungdomsskulane der dei fortel om skulen og utdanningsprogramma våre.

Skulen samarbeider også med det lokale opplæringskontoret i arbeidet med overgangar, både mot grunnskulen og inn mot våre eigne elevar på yrkesfag. Alle elevar som går Vg2 yrkesfag på skulen er utplassert 6 veker i YFF-faget, og dei fleste elevane på Vg1 yrkesfag er utplassert i 3 veker. Elevane på studieførebuande deltek på open dag på NTNU i tillegg til at skulen har besøk av ulike høgskular og universitet. For skuleleiinga og lærarane innanfor studieførebuande er det ei målsetjing å få til ei næringsnær tilnærming til programfaga, og at ein tar i bruk arbeidsmetodar som vil vere til hjelpe ved høgare utdanning.

Brattvåg ungdomsskule starta opp igjen arbeidslivsfaget skuleåret 2025 – 2026, og dette arbeidet fekk Haram vidaregåande skule delta i. Haram vidaregåande hadde besøk av 24 elevar frå 8. trinn som fekk eit innblikk i innhaldet til dei ulike yrkesfaga utdanningsprogramma som skulen tilbyr. I tillegg til dette har elevar frå 10. trinn fått kjennskap til både programfag og fellesfag på studieførebuande, gjennom samarbeid med ungdomsskulen. Lærarar på dei to skulane samhandlar om undervisninga, og gjennom dette samarbeidet håper ein å gi elevane betre kjennskap til både vidaregåande opplæring og Haram vidaregåande skule. Dette samarbeidet var også utgangspunktet for ein søknad til HK-dir. om eit prosjekt som blir kalla SikreSteg, der målsetjinga er å systematisere karriererettleiinga i regionen betre.

5. Leiing og profesjonsutvikling

Haram vidaregåande skule starta skuleåret 2025 - 2026 med ei ganske fersk leiargruppe. Det var mange nye oppgåver som skulle lærast, og dette var både interessant og krevjande. I tillegg til dette måtte ein omdisponere og leige inn ein del ressursar som følgje av mange elevar innanfor Elektrofag og Teknologi- og industrifag. Dette medførte ein del omleggingа av timeplanen for å komme i mål, noko som enkelte tilsette opplevde som krevjande. Dette skuleåret har skulen hatt ein konstituert avd.leiar, og det var til god hjelp for å klare alle arbeidsoppgåvene. Både leiinga og den merkantile tilsette merka at ein reduserte den merkantile delen av administrasjonen med 70 %, og det er ei målsetjing at ein skal ha ny leiing og administrasjon på plass i løpet av skuleåret 2026 - 2027

Profesjonsutviklinga hos dei tilsette blir ivaretatt av både leiinga, nettverksarbeid og gjennom at mange lærarar tar vidareutdanning gjennom ordninga kompetanse for kvalitet. Haram vidaregåande skule hadde fokus på inkluderande læringsmiljø og KI, og ein gjennomførte fleire kompetansehevande tiltak innfor desse områda. Som ein del av 50 årsjubiléet gjennomførte skulen ei markering for personalet, her leigde skulen inn ein ekstern forelesar som hadde fokus på inkluderande læringsmiljø og verdien av dette for læringsutbytte til elevane og opplevinga til læraren. Planlegging og gjennomføring av dei 5 tverrfaglege dagane var utført på tvers av seksjonar. Det er mange av skulen sine lærarar som deltek i både sentralt og lokalt sensurarbeid, og gjennom deltakinga får dei nye impulsar.

Haram vidaregåande skule var i skuleåret 2024 – 2025 gjennom ein ganske stor overtalsprosess. Dei tilsette som var med i den prosessen reagerte svært ulikt på den, og det blir viktig for leiinga å følgje opp dette. MTM undersøkinga viser at fleire lærarar ikkje opplever arbeidet sitt like meiningsfullt, og det trur leiinga kan komme av endringar i strukturen og dei nye arbeidsoppgåvene dette har medført.



Møre og Romsdal
fylkeskommune

mrfylke.no